

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

nr. 3 - sommaren 2006

Konfirmantane frå Gjerstad, framme frå venstre: Lillian Solberg, Veronica M. Vevle, Kari Soltvedt, Sylvelin Skjerping, sokneprest Johannes Melve, kateket Mia Krüger, Lene Fossdal Gjøstein, Katrine Kleppe Myking og Anette H. K. Widme. 2. rekkje frå venstre: Morten Dyvik, Cato Hartveit Hagebø, Espen Kallekleiv, Johannes Tveiterås, Ole Jørgen Hauge, Espen Vevle, Marius Mjøs, Ingri Halland, Sigrid Lohne Rongved og Julie Marie S. Tysse. 3. rekkje frå venstre: Ole Petter Revheim, Henrik Eikemo Waring, Andreas Kleiveland, Robert B. Borge, Øyvind Tønjum, Ruben Flostrand, Paste Neu Hatland, Ole Johnny Hopsdal og Marius Knutsen. Foto: Storebø.



Ved.
Olav Meltvik



Å byggja på fjell

Dei siste dagane hev eg jobba med ein mur. Først måtte eg laga fundament under muren. Då tenkte eg sjølvst på det som står i Bergpreika i Matteusevangeliet kap. 7, 24-25 :

”Den som høyrer desse orda mine og gjer etter dei, han er lik ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell.”

Det same gjeld og for murar. Så eg grov meg ned til fast fjell og støypte fundamentet på det . For oss på Osterøy er det ikkje så vanskeleg å finna fjellgrunn å bygga på. Såleis skulle våre bygningar og murar stå trygt.

Men orda i Bergpreika er avslutninga på ei lang preike, med råd og levereglar. Desse kan det vera vanskeleg å leva etter og oppfylla.

Eg fekk god hjelp med muren av ein god kamerat. Når det gjeld det som står i Bergpreika treng me og god hjelp, og den kan me få når me ber til Jesus, som gav oss desse råd og levereglar.

Om me ikkje klarar å leva opp til alt i Bergpreika kan me likevel få styrke,
mot og
kraft på
livsvegen.

Det viktigaste er å tru på han som gav oss Bergpreika. Då er livet vårt tufta på fjell.



Vegen, sanninga og livet

Vert ein kvar sæl i si tru? Det inntrykket har vel etter kvart, meir eller mindre umedvite, sige inn i mange sinn. Det ligg i noko som me med eit upresist uttrykk kallar tidsånda. Det er ikkje så populært å seia at det finst ei sanning og ein veg. Det vert heller snakka om å vera på leiting i eit mangfald der det er mange vegar og mange sanningar.

Men dette er visst ikkje noko spesielt for menneske i vår tid. Jesus og læresveinane levde i eit samfunn der det religiøse mangfaldet kanskje var større enn i vårt land i dag. Me hugsar det spørsmålet som Pilatus stilte Jesus under forhøyret: "Kva er sanning"? Det virka som om læresveinane var litt forvirra og. I alle fall stilte Thomas spørsmålet: "Herre, me veit ikkje kvar du går av, korleis kan me då vita vegen?" Det var etter at Jesus hadde fortalt dei at han gjekk bort for å stella til ein stad for dei, og at dei visste vegen dit han gjekk. Då sa Jesus til Thomas: "Eg er vegen sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan ved meg." (Joh. 14. 5- 6)

Så er det altså ein veg for eit forvirra menneske som tumlar med vanskelege spørsmål her og no og ser lite håp for framtida. Vegen heiter Jesus. Han er det sanne Ordet som Gud sende til jord for å frelsa ei fortapt menneskeslekt. Og denne sanninga kan me tru på. For han prova med livet sitt, døden sin og oppstoda si at han verkeleg var den som han gav seg ut for, - sann Gud frå æva, fødd som eit menneske, som ein av oss, for å sona alle våre synder så me i han kan stå fullkomne og reine for Gud. Kan det gjevast noko større?

Så lat oss gå til Jesus med syndene vår og ikkje forherda oss i dei og tru at Gud ikkje tek det så nøye. Gud tok det så nøye at han let sin eigen son lida døden på krossen for å sona dei. Tenk over det. Då vil du kanskje seia som salmediktaren:

*"Men la kors og død og smerte
tale, rope i mitt hjerte,
hva min frelse kostet har." (Nr. 158)*

Då vil du, med Andens hjelp, sanna at Jesus, og berre han, er vegen, sanninga og livet. Då vinn du livet.

Ø. V.

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Mail: kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Haldis Midtun 56 19 22 71

Helge Kolstad 56 19 22 72

Johannes Melve 56 19 22 82

Brigt S. Skeie 56 19 22 83

Liv Skoglund 56 19 22 84

Kåre Rivenes 56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus: Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevele

Osterøy – ein stoppe

Før neste nr. av «Kyrkjehelsing» kjem ut, hev Anne og Brigte Sigve Skeie reist til Dubai der Skeie er tilsett som sjømannsprest. «Kyrkjehelsing» hev bed om nokre avskilsord frå dei.

I nesten 12 år har adressa vår vore Hosanger.

15. januar 1995 vart Brigte innsett som prest. Allereie hausten 1994 hadde Anne og borna flytta inn i prestebustaden, medan Brigte avslutta tenesta som vikarprest i Hardanger og Voss prosti. I løpet av denne tida har alle tre borna vorte konfirmerte, har flytta heimefrå og dei to eldste også gift. Det var difor naturleg å gjera alvor av å reisa vidare til neste stoppestad, sjølv om vi kjenner oss knytta til Osterøy. Etter ein lengre prosess med fleire aktuelle stadar på kartet, vart neste stoppestad Dubai.

Det å leva livet på forskjellige stadar treng ikkje ha reisa sitt utolmod i seg, men meir ønskje om på kvar plass å stoppa opp og læra. Vi syns det er eit stort privilegium. For å læra undervegs på ei slik reise er det viktig å bruka tid og krefter på å vera der vi er. Vi har kjent oss velkomne og heime på Osterøy, slik vi også gjorde det i Japan, i Kvam og håper å kunne gjera i Dubai også.

Oppbrotstid inneber det er å sjå tilbake på det som har vore. Løfta litt på steinar og sjå kva som er verd å ta med seg. Opplevingar vi har hatt, menneske vi har møtt og erfaringar vi har gjort. Brigte har opplevd mange markeringar og høgdepunkt i si tid på Osterøy: 1000 års jubileum for kyrkja i Norge, med stor markering i Hamre pinsa 1995. 200 års jubileum for Hosanger kyrkje i oktober 1996. Tusenårsskiftet med markeringar ved inngangen til år 2000. Bispevisitas no i februar 2006. (Det er andre gong på rad det skjer presteskifte rett etter bispevisitas).

Det har kome nye former for gudstenester: Tomas-messe, Ung Messe, Familiemesse. Både Hamre og Hosanger har hatt "Klagegudstenester" der

konfirmantane prega gudstenestene. Eg ønskjer at folk skal våga å klaga til Gud, seier Brigte. Og folk må ha lov å klaga på presten også, eg har ikkje gjort alt like bra som "all-round-prest", så folk må ha lov til å vera misnøgd med ein del ting eg har gjort – utan å ha dårleg samvit for det!

Å vera prest er ein utfordrande og til tider litt einsam jobb. Difor har arbeidsvegleiing (gruppe som varer i 2 år) og høve til sjølv å søkja hjelp vore ei støtte til å stå i prestetenesta. Uansett kor mykje høgdepunkta kan lysa, så er det kvardagane som gjev mest lærdom og som vil prega minna frå Osterøy. Det å møta menneske i ulike situasjonar midt i livet deira, i gleder og i sorg har vore og er eit stort privilegium. Det har vore lærerikt å ha vore med i Grendarådet i Mjøsdaalen.

Anne har hatt fleire ulike utfordringar både som sjukepleiar, kunstnar og forfattar i løpet av åra på Osterøy. Hosanger kyrkje har kjøpt inn 3 messeaklar og preikestolklede, og Osterøy Museum eit større kunstverk. Dette er sjølvsagt ting som knyter ekstra band til Osterøy, men når eit kunstverk er ferdig så tilhøyrer det ikkje lenger til den som har laga dei, men dei som brukar det, meiner Anne. Soknerådet har fått foredrag Anne har halde om kyrkjetekstilane i Hosanger. På den måten vert også tankane bak desse arbeida teken vare på i kyrkja.

I denne oppbrotstida ser vi også framover mot nye utfordringar. Vi ønskjer å læra meir og utvikla oss som menneske. Dubai er på mange måtar så ulikt Osterøy at det er vanskeleg å samanlikna. Det regnar kanskje ein eller to gonger i året. Det er heilt flatt. Nærbutikken har eit vareutval som kan ta pusten frå ein. Næraste nabo er ein moske med ein minaret som kallar til bøn

fleire gonger for dagaen. Byen ber preg av tempo, rikdom og mange "sprø" byggeprosjekt. I Dubai bur det rundt 600 nordmenn for kortare eller lengre tid. Å vera prest for dei på deira livsreiser er spesielt fordi det ein liten og utvald del av livet. Dei fleste er unge og i arbeid. Gravferder er sjeldan, dåp er det ein del av og vigsel ein god del av. Elles er det mange ulike aktivitetar og ein annan måte å vera kyrkje på enn her på Osterøy. På eitt punkt vil Dubai kanskje vera likt på Osterøy: "alle kjenner alle." Når det kjem til det å vera menneske så er nok det ganske likt om rammene er forskjellige.

Takk for oss!!


Anne og Brigte Sigve Skeie



estad på livsreisa

Me kjem til å sakna dykk her på Osterøy, og me vonar me kan få ei helsing eller to til «Kyrkjehelsing» frå dykk den tida de vert i Dubai. Me ynskjer dykk alt godt i åra som kjem. Må Gud velsigna dykk vidare i den tenesta de vert kalla til.

Olav Meltvik, red.



Salmar frå skattkista

Min salme nr. 3-06

*Sist var det Oddny
Kallestein som vart utfordra.
Ho skriv slik :*

Då eg fekk utfordringa om å velja ein salme, gjekk tankane attende til skulestova heime på Fedje. Der lærte eg mange gode gamle songar og salmar. Skuledagen starta og slutta alltid med eit salmevers. Ein av dei salmane eg hugsar best frå skuletida mi er : SYNG I STILLE MORGONSTUNDER, skrive av Elias Blix i 1891. Melodien er av Ludvig M. Lindemann frå 1862.

*Syng i stille morgonstunder,
syng Gud Fader lov og ros.
Sjå han gjer på ny det under:
kallar fram or mørkret ljøs.
Sjå, hans sol all skapning
gyller,
alt med liv og lovsong fyller,
sjå hans kjærleiks smil i sky,
sjå kvar dag hans nåde ny..*

*Lær oss, Gud, kvar dag å
telja,
sjå, kor snøgt vår livsdag lid!
Lær oss livsens veg å velja
medan det er enno tid!
Enn i dag du vil oss kalla,
snart kan mørker på oss
falla.
Lat oss medan det er dag,*

fylgja Andens nådedrag!

*Gud som skapt sol og
stjerna,
deg me syng vår takk og lov,
at om oss du ville verna
medan me i mørker sov!
lys og lei oss, ljøsens Fader,
til vår sol i gravi glader,
vekk oss så til morgon ny,
dag med solskin utan sky!*

Oddny Kallestein utfordrar Einbjørg Vikesund til å velja salme neste gong.

Ny prest

På bispedømerådsmøtet 13. juni vart det tilsett ny prest for Hamre og Hosanger. Den som er tilsett heiter Inge Sørheim. Han er frå Sotra og er no prostiprest i Indre Sogn og bur i Sogndal. Vi kjem med nærare presentasjon i neste nummer av Kyrkjehelsing.

Vikarprest i haust

Frå 1. august og fram til nyttår vil Lars Arne Vik vera vikar og ha hovudansvaret for Hamre og Hosanger. Han bur i Øygarden og har vore kyrkjelydsprest der i 6 år. Dei siste 2 _ åra har han vore prest på Haakonsværn. Lars Arne vil ha ansvaret for dåp, konfirmantar, m.m. i denne tida.

Fasteaksjonen 2006

På årets Fasteaksjon med innsamling til Kirkens Nødhjelp, vart resultatet slik:

Bruvik	kr. 5.100,00
Gjerstad	kr. 7.408,00
Haus	kr. 10.700,00
Hamre skule	kr. 670,00
Hjellvik skule	kr. 1.136,00
Valestrand skule	kr. 4.831,50
Hosanger (skular)	kr. 8.223,00

Vi takkar alle som har gjeve til aksjonen og til alle som stilte opp og hjelte til!

Takk til alle som gav minnegåva ved **Ingeborg Rød** si gravferd på kr 7230.- til Hauge bedehus.

Hauge indremisjon

50 årskonfirmant-jubileum

I haust vert desse:
Hosanger 3. september
Hamre 17. september
Bruvik 12. november

Kyrkjeverja informerer

Dei økonomiske rammer for Osterøy Kyrkjeleg Fellestråd.

Som me skreiv i siste nummer har Osterøy kyrkjeleg fellestråd sett i gang ein prosess med tiltak som skal redusera utgiftene for fellestrådet.

Dette er tiltak som vil merkast på dei ulike område der kyrkja yter tenester til kommunens innbyggjarar. Vi vonar at kyrkjeleg verksemd vert skjerma mest mogeleg. Dei vedtak som er fatta i kyrkjeleg fellestråd og som no vert gjennomført er:

- Betalt klokkarteneste fell bort i løpet av nokre månader. Nokre av sokneråda arbeider for å få til ei klokkarteneste av frivillige.
- Stillingsstorleik for reinhaldarar vert redusert med gjennomsnitt 20 %.
- For kyrkjetenarar gjeld det same med ein gjennomsnittleg reduksjon på 20%.

Kontorressursen på kyrkjekontoret skal og reduserast, men endeleg vedtak er ikkje fatta. Fellestrådet har også gjort nokre vedtak der vi skal auka inntektene. Dette gjeld m.a. ved gravlegging av personar som ikkje hadde bustadsadresse på Osterøy når dei døyde. Ved utleiga av kyrkjene våre arbeider vi

for å få dekt alle våre reelle utgifter i samband med konsertar, omvisningar m.m.

RESURSAR PÅ KYRKJEGARDANE I OSTERØY.

På Osterøy har vi ein kyrkjegardsgravar som har ansvar for 7 kyrkjegardar. Han har åleineansvar for alt arbeid som foregår ute på kyrkjegardane. Hans primære oppgåve er gravlegging, og med for og etterarbeid tek ei gravferd ca. 1 og 1/2 arbeidsdag. Frå lenge før påske og fram til nå, har vi hatt svært mange dødsfall på Osterøy, høgt over gjennomsnittet. Det betyr at andre viktige oppgåver på kyrkjegardane er blitt nedprioritert. Vi har arbeidd for å få inn hjelp til slåtten på kyrkje-gardane utan at dette har lukkast så langt. Svært mange nye gravsteinar skulle vore sett opp. Også dette området er vi ikkje a jour.

Kyrkjegardsgravaren gjer ein svært god jobb og tek fatt på dei ulike oppgåvene etterkvart som tida rekk. Fellestrådet arbeidar for å få hjelp til slåtten og vi vonar med ulike tiltak at kyrkjegardane også denne sumaren skal framstå som velstelte og ryddige, sjølv om vi nå i starten av juni er komne noko dårleg ut.



Kyrkjeverje Helge Kolstad


OPPLYSNINGS-VESENETS FOND

Kyrkjeverja har møtt Ostringar på kyrkjegardane ved to høve no i vår, der dei eg har møtt har vore oppbrakt på den vanskelege økonomiske situasjonen kyrkja på Osterøy er i. "Kvifor kan ikkje Fellestrådet bruka av det styrtrike fondet som heiter Opplysningsvesenets fond" er spørsmålet som har vore stilt.

Opplysningsvesenets fond vert disponert av Kirke og kulturdepartementet. Denne fulle disposisjonsrett ligg med dette i departementet. Vi kan opplysa at Osterøy kyrkjeleg fellestråd kvart år betalar inn i underkant av 30.000, til Opplysningsvesenets fond i form av festeavgifter som leige for grunnen våre kyrkjer står på, samt festeleige for kyrkjegardane.



Konfirmantane frå Haus: framme frå venstre: Malena B. Nymark, Rut Melve Kvåle, Lena Catarina Hauge Heimvik, sokneprest Johannes Melve, Karoline Loftås, Maria Åsheim og Helene Knappskog. Bak frå venstre: Nathalie Slettebakken, Marte E. Hatletveit, Anette Borge, Linda Bøe, Lise Heggøy, Ketil Stokke, Espen Mjøs, Anders Flesland og Andre R. Johnsen. **Foto: Storebø.**



Konfirmantar i Hosanger. 1. rad frå v. Britta Hanstveit, Malin Chr. Buene Kvarven, Brigte Sigve Skeie, Camilla Jacobsen Siglevik, Marianne Rødseth Espelid. 2. rad frå v. Daniel Ekanger Johnsen, Stian Børtveit Johannessen (Gjerstad), Malene Jacobsen (Hamre), Irmelin Hanstvedt Mjøs, Meline Risnes Nesse, Roger Husebø, Kristian Hole Lønning. 3. rad frå v. Syver André Mathisen, Terje Tysse, Sindre Mjelstad, Henning Neu Hoshovde, Tommy Nilsen, Jostein Tysse Skjerping. 4. rad frå v. Torstein Tyssebotn Hanstvedt, Hallvard Bjørsvik Pedersen, Stian Nordås Mjøs, Anders Hanstvedt Tysse, Eivind Hole, Rasmus Hanstvedt Myking, Andreas Jørgensen Markussen. **Foto: Rune Solberg**



Konfirmantar i Hamre. 1. rad frå v. Ingunn Hustrulid, Brigt Sigve Skeie, Synne Askeland Mjelstad. 2. rad frå v. Kjetil André Revheim, Ragnhild Asmundsdottir Klepsvik, Espen Myrtvedt Kallekleiv, Lisa Kamini Mostrøm, Ole Andreas Sandal. 3. rad frå v. Lars Braathen Reigstad, Jarle Nordpoll, Anders Mostrøm Nilsen, Andreas Birkaas, Alf Kristian Hustruli Bøe, Lars Ole Birkeland. **Foto: Rune Solberg**



Konfirmantane frå Bruvik, framme frå venstre: Karoline Vik, kateket Mia Kruger, Stine Svenheim og Michelle Bruvik Hauge. Bak frå venstre: Christine Hansen Svåsand, Henrik Bruvik, Runar Hetlevik, Torgeir Hartveit Faugstad og Bjørnar Solberg Flostrand. **Foto: Storebø.**



Velkommen til kyrkja

3. s. e. pinse, 25. juni 2006: Luk 19,1-10; 5 Mos 7,6-8; 1 Kor 1,26-31

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kristen idrettskontakt (KRIK)

4. s. e. pinse, 2. juli 2006: Luk 15,11-32; Jes 65,1-2; 1 Pet 5,5b-11

Gjerstad kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Dåp. Nattverd.

5. s. e. pinse, 9. juli 2006: Joh 8,2-11; Sak 7,8-12a; Rom 2,1-4

Haus kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Jesusfestivalen.

6. s. e. pinse (Aposteldagen), 16. juli 2006: *1 Kor 12,27-31; Jer 1,4-10; Matt 16,13-20

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

7. s. e. pinse, 23. juli 2006: Matt 16,24-27; Jos 24,19-24; 1 Pet 1,15-21

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Dåp.

Olavsdagen (Olsok), 29. juli 2006: Matt 20,25-28; Esek 18,29-32; Ef 4,17-21

Gjerstad kl. 19.30 Gudsteneste. Melve.

8. s. e. pinse, 30. juli 2006: Matt 10,28-31; Jes 49,13-16; 2 Tess 3,6-12

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.

9. s. e. pinse, 6. august 2006: Matt 7,21-29; Jer 23,16-24; 1 Joh 4,1-6

Bruvik kl. 11.00 Gudsteneste. Vikarprest Lars Arne Vik. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Jesusfestivalen.

10. s. e. pinse, 13. august 2006: Luk 12,42-48; Jes 10,1-3; Apg 20,17-24

Haus kl. 11.00 Gudsteneste. Lars Arne Vik.

Geitnipa kl. 12.00 Friluftsgudsteneste. Melve.

11. s. e. pinse, 20. august 2006: Joh 6,66-69; Jes 5,1-7; Rom 11,25-32

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Lars Arne Vik. Takkoffer til Osterøy

sundagsskulelag.

12. s. e. pinse, 27. august 2006: *Luk 9,57-62; Sal 32,1-5; 1 Joh 1,8-2,2

Osterøyhallen Felleskyrkjeleg gudsteneste i høve Jesus-festivalen.

13. s. e. pinse, 3. september 2006: Matt 12,33-37; Sal 40,2-6; Jak 3,8-12

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Vikarprest. 50-års-konfirmantar. Offer til sjømannskirken

Bruvik kl. 11.00 Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av 4-års-bok. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

14. s. e. pinse, 10. september 2006: Matt 5,43-48; 5 Mos 10,17-21; Rom 13,8-10

Gjerstad kl 11.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Melve. Overlevering av ny messehaket.

Haus kl. 19.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

15. s. e. pinse, 17. september 2006: Joh 5,1-15; Sal 103,1-6; Ef 5,15-20

Hamre kl. 11.0 Gudsteneste. Lars Arne Vik. 50-års-konfirmantar. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

16. s. e. pinse, 24. september 2006: Luk 10,38-42; 5 Mos 4,29-31; Fil 4,10-13

Gjerstad kl. 11.00 Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av 4-års-bok.

Gjerstad kl. 19.00 Salmekveld.

Kyrkjeskys til Gjerstad

Namna no :

Roald Hauge tlf.56 39 45 07

Kjellaug Hartveit tlf.56 39 04 81

Kyrkjeskys til Haus:

Maria og Johannes Hundhammer, tlf. 56 39 00 33.

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04.

Anne Karin og Einar Rivenes, tlf. 56 39 04 52.

Madli og Olav Hannisdal, tlf. 56 39 43 21.

Familie- nytt



Bruvik

Døypte:

28.05. Tobias Andersen Flølo

Haus

Døypte:

14.04. Tobias Wågenes Eklund

23.04. Steffen Rippe Fanebust

23.04. Sigrid Blom

28.05. Josefine Ådland

11.06. Martin Bruvik Skjoldal

11.06. Kristian Mjelde

11.06. Iselin Melbø Heggøy

11.06. Malin Nesthus Ramberg

Gravlagde:

16.05. Viktor Konrad Romslo (f. 1924)

Bisette:

21.04. Martha Rognø (f. 1912)

Gjerstad

Døypte:

25.05. Ariel Ovidia Mjelstad Svardal

25.05. Leah Krakhella Kallekleiv

Gravlagde:

04.04. Ingrid Jacobsen (f. 1908)

20.04. Kari Hartveit (f. 1905)

21.04. Magnus Låstad (f. 1913)

25.04. Mary Revheim (f. 1921)

26.04. Ingeborg Rød (f. 1916)

27.04. Bergit Laastad (f. 1925)

19.05. John Løtveit (f. 1916)

01.06. Johannes N. Myking (f. 1931)

02.06. Anton Borge (f. 1918)

13.06. Solveig Konstanse Lundheim (f. 1921)

Bisette:

16.05. Olav Vevletveit (f. 1913)

Hamre

Døypte:

01.04. Emma Lovise Kvamme

01.04. Vilde Linnea Kvamme

14.04. Fredrik Zahl Bakken

05.06. Amalie Aanstad Storebø

Vigde:

22.04. Irina Ivanovna Kharchenko og Thor
Erik Bjerregaard

29.04. Sølvi Åsheim og Toralf Tufta

Gravlagde:

28.04. Bjarne O Reigstad

Bisette:

03.05. Arve Langeland (f. 1950)

Hosanger

Døypte:

04.06. Ann-Elida Gjerstad Hansen

04.06. Thea Tysse Bysheim

21.05. Tristan Ahmer

21.05. Daniel Tvedt

Gravlagde:

05.05. Alfa Emilie Birkeland (f. 1909)

24.05. Gerhard Kleppe (f. 1918)

Bisette:

12.05. Margot Olina Kleppe

Soknepresten har ordet

Takk


Takk for all forbøn, omtanke, blommar og helsingar eg har fått i dei periodane eg har vore sjukmeld. Det gjer godt å merka så mykje godhug frå utruleg mange menneske. Etter ferien reknar eg med å vera vanleg teneste.

Du avgjer II

Dersom du trudde at eg er imot innvandring, og vil halda Noreg fritt for islam, så må eg ha uttrykt meg dårleg i det eg skreiv sist. Eg meinte å referera dei som har denne

meninga. For det er slike meiningar i landet vårt. Eg treng ikkje nemna poliske parti som målber slike standpunkt.

Religionsfridom må gjelda for alle. Slik må det vera i vårt land, og slik skulle det vera i andre land òg. Diverre er det ikkje slik i store delar av verda. Me reknar religionsfridom som eit stort gode, og noko som er sjølvstøtt for oss. Me vil halda fram denne fridomen som så viktig at det gjeld å ta vare på han. Og eg vil at du skal halda fram kristen tru og



moral som det beste for folket vårt. Det skjer nemleg ikkje av seg sjølv.

j.m.

Valestrand, Hauge og Gjerstad indremisjon har også denne hausten fellesmøte i Hauge bedehus

Dato:	Talar:
Onsdag 30.aug	Asle Hetlebakke
Onsdag 13. sept	Øystein Rønhovde
Onsdag 27. sept	Øystein Rønhovde
Onsdag 11. okt	Arild Hetlebakke
Onsdag 25.okt	Normisjon
Onsdag 8.nov	Audun Hjellvik
Onsdag 22.nov	Reidun Skurtveit
Onsdag 07. des	Vert kunngjort seinare

Alle er hjarteleg velkomne. Møta tek til kl. 19.30 med unnatak av 13. og 27.sept. då startar me kl. kl.19.00. Då vert det bibeltimar ved Øystein Rønhovde over tema "I sjelesorg hos Jesus". Alle kveldar er det enkel servering i etterkant av møte.

Hauge, Gjerstad og Valestrand indremisjon.

Ny messehaket i Gjerstad

Soknerådet i Gjerstad har gått inn for å laga ein ny messehaket til kyrkja. Her er berre ein raud messehaket, og raud er den fargen som er lite i bruk i kyrkja. Det finst også ein gamal som truleg er frå omlag 1915. Han er fiolett (eller raud?), og er lite eigna til bruk. Det beste er å ta vare på han til utstilling.

Arbeidet vart lagt over på **Anna Landverk** som har laga messehaklar og tekstilar til mange kyrkjer rundt i landet. Ho var i kyrkja og laga framlegg som soknerådet såg på. Det vart vedteke å kjøpa ein grøn messehaket, preikestolklede og lesepultklede som går inn i same serien. No er arbeidet ferdig, og søndag 10. september vert tekstilane overleverte til kyrkjelyden i Gjerstad. Anna Landverk vil sjølv overlevera dei i kyrkja.

J. M.

Klypp frå årsmeldinga til Frivillighetssentralen

Bok-kafe-

Kvar onsdag arrangerer Osterøy Frivillighetssentral "bok-kafe i Bu – fellesskapet sine lokale i Osterøytunet. Då er 25-30 av bebuarane og andre interesserte som bur på Osterøytunet samla kring eit koseleg dekk lang – bord med levande ljøs, kaffi og noko attåt. Til dømes nysteikte vaflar. Det er høgtlesing som står i sentrum, men det vert like mykje prat og sosialt samvær. På demokratisk vis finn gruppa sjølv bøker me skal lesa frå, og så diskuterer me innhaldet i bøkene. Bok- kafeen har me drive sidan Osterøytunet opna for omlag 2 år sidan. Saman med dei er det 2-3 hjelparar frå Frivillighetssentralen. Men stundom finn me på andre innslag, og ved fleire høve har ESA- jentene underhalde med song og musikk. Syngja og underhalde har dei gjort i snart treve år, Evy Tvedt, Sissel Henriksen og Aslaug Gjerstad. Då har vi og allsong.

Hjelp ved sosialt samvær.

Osterøy Fivillighetssentral samarbeider med ulike lag og organisasjonar når det gjeld sosialt samvær, natteramnar og bøsseinsamlingar.

Natteramnane.

Natteramnane er grupper på 3-4 vaksne (over 18 år) som "vandrar" ute på plassane der ungdom samlast kvelds og

nattetid og blandar seg med dei. Natteramnane er ikkje noko politi, men har som oppgåve å visa at vaksne bryr seg om kva ungdom gjer. Osterøy Frivillighetssentral har i dag omlag 30 registrerte natteramnar som "vandrar" i Fotlandsvåg, Hosanger og på Valestrand, i Lonevåg og Haus. Natteramnane er under Vesta Forsikring sin paraply og er godt synlege i gule vestar eller jakker. Dei "vandrar" gratis og får dekkka bensinutgiftene. Natteramnane møtest ein stad. Der hentar dei ein ryggsekk som inneheld førstehjelpsutstyr, mobiltelefon, natteramnvestar eller jakker og eit rapportskjema. Kvar gruppe skriv rapport som blir levert dagleg leiar av Sentralen. Tilbakemeldingane er positive, både frå dei unge, lensmannskontoret og natteramnane. Rolegare sentrum og tryggare ungdom er resultatet.

Ungdomsklubb/dataklubb.

På Osterøy vidaregåande skule er der ungdomsklubb/dataklubb om tysdagskveldane, frå kl. 15.30- 20.00. Denne klubben er starta av ein hjelpar i Frivillighetssentralen, Frank Pape, han er dataingeniør og lærar på Osterøy vidaregåande skule. Her samlast omlag 20-25



Wenche Fiskeseth er leiar for frivillighetssentralen.

ungdomar i alderen 10 – 18 år.

Saman med seg har dei 2-3 fivillige – vaksne hjelparar. Dei har dataspel og surfer på Internett. Ungdomane lagar eigne sider til album, hentar ned musikk og chatter på Nettet. Klubben er ein del av Fivillihetssentralens førebyggjande arbeid bland unge.



Damene bak Jesusfestivalen

Mange har fått med seg at det dei 2 siste åra har vorte arrangert ein Jesusfestival på Osterøy. Kva er dette, kvifor og kven står bak? Kyrkjehelsing hadde lyst til å finna ut litt meir, og tok ein prat med 3 damer som me hadde fått nyss i står bak festivalen. Me fann Siri Tysse, Linda Birkeland, og Bodil Skjerping på Bysheim ein kveld, rett før ein nytt komitémøte i Festivalkomitéeen.

KH: Korleis starta dette?

Siri: Det heile starta då eg var vakt på ein bryggjedans for nokre år sidan og då kom tanken til meg at : det må då kunne gå an å laga til ei stor tilstelling med Jesus i sentrum. Her i Lonevåg, på Osterøy. Eg trur denne tanken kom frå Gud, og det har vorte tydlegare undervegs at Han er med.

KH: Kva er visjonen for festivalen?

Linda: Å peika på Jesus og gje ostringane ei god helg, samtidig knytta dei truande tettare saman.

KH: Denne festivalen er jo eit felles arrangement mellom ulike kristne samanhengar her på Osterøy, korleis fungerer dette?

Bodil: Veldig bra. Vår erfaring er at det har ført oss nærare saman. Me trur trass alt på den same Gud. Også det felles bønne-møtet som men no har fast ein gong i månaden, er eit resultat av at dei truande no søker saman.

KH: Kva har reaksjonane og tilbakemeldingane vore etter desse to første åra?

L: Svært positive reaksjonar, mest frå kristne, men mange ufrelste har óg vore positive, spesielt til dei ulike aktivitetane me har hatt.

KH: Dette er jo eit lavterskel tilbud, seier de. Trur de terskelen kan virka for høg for mange til å gå på eit vanleg møte?

S: Ja, for mange er det vanskeleg å ta mot til seg og oppsøka dei kristne, sjølv om lysten er der, så difor er det så viktig at me kan komma ut der folk samlast og møta dei der.

KH: De har jo hatt tilreisande artistar på festivalane, korleis vert dette i år?

L: I år får me besøk av Albert og Rebekka Aanensen med band. Rebekka var her i fjor også. Så

kjem Solveig Leithaug, som nok er kjent for mange, og ho har med seg Gabrielle Leithaug som i år var med eit stykke ut i IDOL konkurransen.

KH: Denne festivalen verken gjer seg sjølv eller er heilt gratis å arrangera. Korleis ordnar de dette?

L: Når det gjeld økonomien så har me både eit stort lotteri med fine premiar, og mange bedrifter som sponsar både festivalen, og premiane til lotteriet. Også ofringar både i kyrkjene og på ulike møter er med å hjelpe økonomien. Me opplever stor velvilje og set stor pris på alle som støtter opp om festivalen.. Av overskuddet i fjor gjekk ein del til arbeidet med "Kor for ikkje", eit kor for psykisk utviklingshemma her på Osterøy. B: Når det gjeld gjennomføringa på dagen, så er arbeidet



Damene bak Jesusfestivalen: Frå venstre: Bodil Skjerping, Siri Tysse og Linda Birkeland

organisert i kommiteear som har ansvar for ulike område. Mat, sal, vakt, aktivitetar osv.. Her stiller masse flinke folk opp frå dei ulike laga som er med å organisera festivalen. Der arbeider indremisjonsfolk, pinsevenner og folk frå Kristent Fellesskap skulder ved skulder og gjennomfører eit flott arrangement. Dei som i hovudsak står bak festivalen er: Pinsemenigheten, Kristkirken, Hauge Indremisjon, Prestane og Kristent Fellesskap.

KH: I fjor hadde de også for første gong ei stor felles gudsteneste i Osterøy-hallen. Korleis opplevde de den dagen?
ALLE: Fantastisk! Å kunne stå saman, mange, mange kristne og syngja lovsongar til Gud, la takken stiga opp og dela Guds ord og ha nattverd saman, var stort. Mange vart berørt av dette, og me trur dette gjorde noko i det åndelege klimaet på Osterøy. Dette gleder me oss spesielt til no i år også, og håpar svært mange tar turen denne søndagen.

KH: Dersom nokon som les bladet no vert inspirert til å vera med denne helga, er det plass til fleire?

B: Sjølv sagt! Me treng folk til det meste. Dersom mange arbeider litt, vert det ikkje så mykje på kvar. Berre ta kontakt med oss eller nokon dei veit er med, så skal alle få noko å gjera på. Men gjer det i god tid før dagen er der.

KH: Me i bladet vil takka for praten, men dersom nokon vil vita meir, korleis kan dei få det?

S: Det enklaste og beste er å bruka internet. Sjå på sidene til festivalen, der ligg mykje informasjon og bilder frå tidlegare festivaler. Adressa er: www.jesusfestival.no
Så må alle huska datoen for festivalen: 26 og 27 august.

ADK

Kva er viktigast- størst ?

Ja, kva er viktigast- størst når det gjeld Guds rike ? Er det jul, påske eller pinse ?
Eller er det at Gud gav sonen sin til oss for at me skal ta i mot han.
Det viktigaste og største er vel at

vi tek i mot Jesus og får være Guds barn, og då blir jul- påske – pinse stort for oss.
Har du tatt i mot Jesus ?

e m

frå BLIX til BRUNVOLL

Nynorsk salmesong i 100!

Det viser seg i år å vera hundre år sidan nynorske salmar blei teke i bruk ved gudstenester i Osterøy, dvs i Gjerstad kyrkje.

Denne oppdaginga gjorde nokon i Osterøy mållag ein dag og dèt var nok ikkje tilfeldig; Noregs mållag jubilerer nemleg som hundreåring og lokalaget på Osterøy ønskjer å markera dette.

Som sagt, Gjerstadsokna tok i bruk nynorske salmar i 1907 og no til hausten, hundre år etter, blir denne hendinga markert med ein SALMEKVELD i Gjerstad kyrkje søndag 24. september.

På den tida var det Landstad si salmebok frå 1869 som rådde grunnen. Rett nok var Landstad språkleg radikal. Både omsetjingane hans og ikkje minst hans egne salmetekstar skilde seg markert frå det konservative og danskprega kyrkjemålet på midten av 1800-talet. Men landsmål var det likevel ikkje og det var ei målreisingsrørsle innafor kyrkja som ville gå lengre, først og fremst representert ved teologiprofessor Elias Blix som skreiv nynorske salmar på ei tid då det enno ikkje fanst ein nynorsk Bibel. Same året som Landstadsalmeboka kom ut, gav Blix ut eit lite salmehefte "Nokre salmar, gamle og nye", anonymt. I 1892 blei salmesamlinga, no ein del utvida og med tittel "Nokre Salmar", autorisert til bruk i gudstenesta.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Osterøy mållag og Gjerstad sokneråd. Medverkande blir Osterøy kyrkjekor, dir. Liv Skoglund, kantor Kåre Rivenes og ikkje minst salmediktaren og hymnologen ARVE BRUNVOLL.

Gjennom allsong, korsong og foredrag blir det eit møte med salmediktarar som Anders Hovden, Johannes Barstad, Mathias Orheim, Ragna Rytter og Jacob Sande i tillegg til Elias Blix og Arve Brunvoll.

Bli med og syng!!

ANNONSE

Spreke pensjonistar som har noko tid til overs

Osterøy fellesråd har ei stilling som kyrkjegardsgravar som har alt ansvar for kyrkjegardane og samstundes begrensa økonomiske midlar til sesonghjelp.

Vi har sju kyrkjegardar I kommunen, og vi ønskjer desse skal ta seg godt ut heile året slik at dei framstår som verdige og gode plassar å ferdast på.

I vår har fellesrådet arbeida med nokre løysingar for hjelp på kyrkjegardane, men så langt har vi ikkje lukkast med dette.

Vi er inne I ein periode med svært god vokstertid, og graset veks fort. Gravaren gjer det han kan innimellom alt anna som skal gjerast på kyrkjegarden.

Vi oppfordrar med dette til noko dugnad på kyrkjegardane våre.

Har du noko tid til overs nokre veker framover, til dømes ein halv dag for veka nokre vekers tid, ville vi vera svært takknemlege for hjelp. Arbeidet vil I hovudsak gå ut på å klippa gras med liten motorgrasklippar innimellom gravene. Gravaren har stor maskin som klipper dei store grasplenene på kyrkjegarden. Så arbeidet er å gå etter han og ta graset han ikkje kjem til med maskinen sin.

Det vi kan tilby er nyttig og kjekt arbeid I frisk luft I fine omgjevnader.

Kan du tenkja deg å bruke noko tid til dette viktig arbeidet, ville Fellesrådet vera takksame om du kontaktar kyrkjevevje Helge Kolstad på tlf. 56 19 22 72 eller mobil 95 86 95 72.

Dukkenikkerne

framfører «Noas Ark» på Osterøy ungdomsskule 3. september 2006 kl. 17.00. Bibelforteljinga om den store syndefloden er ramma rundt forteljinga, den eignar seg for folk frå 15 år og oppover. Barnebillett (kr. 60,-) til alle!

Det er Hosanger og Hamre sokneråd som står bak tilskipinga.

Vidare kan de lesa om korleis det var då Dukkenikkerne vitja Aurland med same forestillinga.